



# Rundtur Storegga

7 km

Tur nr. 5

[www.harpefossen.no/turar](http://www.harpefossen.no/turar)



2 t

Lett tilgjengeleg topp som likevel gjev ein luftig følelse og svært god utsikt i alle retningar. Passar fint som ettermiddagstur for å sjå sola gå ned i havet. Frå Storegga er løypa merka ned på nordsida rundt fiskevatna Storeggvatnet og Kjenndalsvatnet.

## Stikryss

Furuhogane - Kjenndalsvatnet sør – Kjenndalsheisen – Storegga – Storeggvatnet - Kjenndalsvatnet nord - Kjenndalshytta - Kjenndalsvatnet sør - Furuhogane

## Turbeskriving

Turen starter i overkant av skoggrensa på Furuhogane (toppen av hyttefeltet) og det er parkering langs vegen fram til servicebygget for Kjenndalsheisen. Stien opp i Kjenndalen går langs Kjenndalselva opp til Kjenndalsvatnet (805 moh) (1,5 km) og i elva er det mange flotte fiskekulpar. Ved Kjenndalsvatnet fylgjer ein merkinga forbi toppen av Kjenndalsheisen og vidare opp ryggen mot den nordaustligasete toppen på Storegga (1,0 km). Herifrå går stien flatt innover platået 700 meter til toppen av Storegga (968 moh). Frå toppen er det flott utsikt ned mot Harpefossen og Hjelmelandsdalen, men også vest i havet og til alle fiskevatna som ligg innover fjella. Turen går vidare rett nord ned til vestsida av Storeggvatnet (0,7 km) for so å runde vatnet og fortsette mot aust over ein slak rygg og slakt ned til nordenden av Kjenndalsvatnet (1,0 km). Tilbake går stien forbi Kjenndalshytta på austsida av vatnet ein er tilbake (1,0 km) på stien som går ned langs Kjenndalselva til Furuhogane.

Turen passer for alle som er i rimeleg god form og med skikkelige fjellsko.

